



Arne Benoni (og Per) i aksjon i Dønhaugkjedlaren fredag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det vart ingen suksess-kveld fredag korkje for country-songaren Arne Benoni eller vert i Dønhaugkjedlaren Magne Huglen. Fiskarsonen frå Lofoten kom i gang halvannan time seinare enn annonsert på grunn av eit motorhavari i Telemark og då han var vel framme svikta publikum. Færre enn 20 var på plass i kjedlaren. Og til alt overmål gjekk Benoni bokstaveleg tala i svart sikringane svikta fleire gonger!**



Dei få som kom var flinke til svinga seg. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Huglen måtte nok ein gang slå fast at det ikkje er så lett å bli klok på publikum i Uskedalen, for då Benoni var her sist 17. mai i år var det stormande suksess med fullt hus.



Full fart i Dønhaugkjedlaren! (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det kjem mange oppmodingar om å halda konsertar, men då det kjem til stykket er ikkje dei som kjem med oppmodingane på plass, seier ein noko resignert vert. Men han har heldigvis atskillige lukka selskap i kjedlaren for tida.

Konklusjonen fredag blir likevel at det totalt sett var ein triveleg kveld for dei som likar knallgod country. Og det er ikkje lett å oppdriva nokon betre formidlar innan sjangaren her til lands enn lofotingen med den flotte og malmfulle barytonrøysta.

Dessutan har han det som med eit utslete ord kallast publikumstekke. Han er avslappa, folkeleg og nykkefri og småpratlar med publikum. Det er noko meir enn ein turr annonsering, det er ein open og til tider saftfull dialog!

Benoni har ein imponerende karriere bak seg og mange er dei toppartistar han har sunge saman med. Ein av dei som han trakk fram fredag er Charley Pride, ein annan Lynn Anderson. Den siste har han vore på turne saman med rundt i Skandinavia så seint som dette året. Og han har til no gjeve ut 16 album, det siste kom sist vinter og heitte typisk nok "I am coming home". Benoni er ikkje den som sviktar røtene sine!

Det var mange som fekk sine country-favorittar servert denne kvelden sjølv om heller ikkje songaren var heilt i toppform etter det som hadde hendt. Han hadde som vanleg med seg sin trivelege muskarstøtte Per - på tangentar.

Bergen er neste stopp. Vi får vona at fleire høyrer på han der.  
Av Ola Matti Mathisen